



Vår dato:

03.11.2022

Vår ref:

2022/15172

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Leikanger jakt- og fiskelag

Saksbehandlar, innvalstelefon

Silje Elvatun Sikveland, 5764 3136

Løyve til uttak av oppdrettsfisk i Henjaelvi og Njøselvi - Leikanger jakt- og fiskarlag - Sogndal kommune

Leikanger jakt- og fiskarlag får løyve til fiske med stang i Henjaelvi og Njøselvi i Sogndal kommune. Løyvet er gjeve med heimel i § 13 i lakse- og innlandsfisklova.

Vi viser til samtale av 3. november 2022.

Bakgrunn

Leikanger jakt- og fiskarlag søker om løyve til uttak av oppdrettsfisk med stang i Henjaelvi og Njøselvi, i Sogndal kommune, etter ei rømming av oppdrettsfisk på lokaliteten Floteneset i Vadheimsfjorden.

Rettsleg grunnlag

Lakse- og innlandsfisklova

Føremålet med lova er å sikre at stammer av laksefisk mv. og deira leveområde vert forvalta i samsvar med naturmangfaldlova. Når vi vurderer om det skal gjevest løyve til gjennomføring av fiske av anadrom fisk, skjer det etter § 13 i lakse- og innlandsfisklova.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Vår vurdering

Vi har vurdert tiltaket etter naturmangfaldlova §§ 8-12. Kunnskapsgrunnlaget etter § 8 i naturmangfaldlova omfattar informasjon frå søkjær og undersøkingar på stammene av villfisk i vassdraga.

Fisket, slik det er planlagt, vil ikkje føre til vesentlege endringar på stamma av vill laksefisk i



vassdraga. Fangstmetoden er tilpassa fisket, og fiskarane skal ha god kunnskap om rett handtering av fisk.

Vedtak

Leikanger jakt- og fiskarlag får løyve til å fiske ut oppdrettsfisk i Henjaelvi og Njøselvi med stang, jf. § 13 i lakse- og innlandsfiskelova.

Løyvet gjeld til 24. november 2022, på følgjande vilkår:

1. Fiskerettshavarar/grunneigarar skal orienterast om fisket.
2. De kan fiske med stang.
3. Sjøaure og villaks som vert fanga skal så raskt og skånsamt som råd setjast ut att.
4. Om det vert fanga forholdsvis lite oppdrettsfisk og/eller mykje villfisk, skal den ansvarlege for fisket stogge det.
5. Det skal takast skjelprøver av all fisk som vert fiska, det gjeld òg for fisk som skal setjast ut att. Skjelprøvane skal de sende til Rådgivende Biologer AS, Edvard Griegs vei 3, 5039 Bergen.
6. Rømt fisk og eventuell pukkellaks skal avlivast.
7. Fangstreiskap og kvar fisken er tatt, skal noterast på skjelprøvekonvolutten.
8. Fiskarar som deltek i fisket må ha gjennomført kurs/opplæring/ha kunnskap om korleis skilje rømt fisk frå villfisk, og i rett handtering av fisk.
9. De skal rapportere fangsten i vedlagt rapporteringsskjema, og sende til Statsforvaltaren innan 31. desember 2022.

Klage

Vedtaket kan klagast på innan tre veker etter at brevet er motteke, jf. reglane i forvaltingslova. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland, og blir avgjort av Miljødirektoratet om Statsforvaltaren ikkje tar klagen til følge.

Med helsing

Gry Walle
seniorrådgjevar

Silje Elvatun Sikveland
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Fangstskjema_uttak av oppdrettsfisk

Kopi til:

Statens Naturoppsyn v/Einar Vereide

Vest politidistrikt

Postboks 85

6901 FLORØ

Sogndal kommune

Postboks 153

6851 SOGNDAL

Miljødirektoratet

Postboks 5672 Torgarden

7485 TRONDHEIM

Fiskeridirektoratet

Postboks 185 Sentrum

5804 BERGEN



Side: 3/3